



KOPI

Lindås kommune  
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2593 - 17/13433

Saksbehandlar:  
Kari Anne Iversen  
kari.a.iversen@meland.kommune.no

Dato:  
30.06.2017

## Tilbakemelding på tilsynsrapport - plan for oppfølging

### Avvik nr 1 – heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid

I avvik nr 1 vert kravet til eit heilskapleg og systematisk samfunns- og tryggleiksarbeid sterkt presisert. Som Fylkesmannen/beredskapsavdelinga er kjent med, er det frå kommunane Lindås, Meland og Radøy tatt initiativ til å utarbeide eit felles beredskapsplanverk for nye Alver kommune. Dette er eit omfattande arbeid, der det er utarbeidd eit prosjektmandat og plan for eit forprosjekt som skal gjennomførast i 2017, jf. vedlegg. Kommunane har fått skjønnsmidlar frå Fylkesmannen til forprosjektet.

Styringsgruppa og prosjektgruppa hadde felles oppstartsmøte måndag 26.06.17. Det er på reine at arbeidet med å gjennomføre felles overordna ROS-analyse og deretter utvikle eit felles beredskapsplanverk vil bli omfattande. Alver kommune skal vere etablert per 01.01.2020, og tidsfaktoren for arbeidet er såleis knapp. Det er difor svært viktig at dette arbeidet får prioritet frå alle dei 3 involverte kommunane, og dei tidsressursar som kommunane har til rådvelde for planarbeid innan beredskapsområdet, må i denne perioden difor i all hovudsak kanalisert inn mot fellesprosjektet. Det vil såleis vere lite føremålstenleg for Meland kommune å setje i gang eit omfattande lokalt revisjonsprosjekt, samstundes som det skal utviklast eit felles planverk for den nye kommunen. Meland kommune ser det difor som mest realistisk at den delen av avvik nr 1 som omhandlar planarbeid vert lukka gjennom fellesprosjektet, og vi håper at Fylkesmannen kan vere samd med oss i denne konklusjonen.

Styringsgruppa for fellesprosjektet har tatt initiativ til at den felles beredskapsplanlegginga vert forankra i programstyringsdokumentet for kommunesamanslåingsprosessen. Dette er p.t. er under utarbeiding, og det vil bli vedtatt i Fellesnemnda i oktober. Det er tatt initiativ til eit møte med Fylkesmannen/beredskapsavdelinga i løpet av august, der ein går gjennom dei 3 kommunane sin felles strategi og plan for beredskapsarbeidet framover mot etableringa av Alver kommune. Prosjektansvarleg i Lindås kommune vil følgje opp dette.

Imidlertid vil Meland kommune parallelt med fellesprosjektet også arbeide vidare med lokale prosessar, der m.a. gjeldande beredskapsplanar vert integrerte i kommunen sine øvrige styringsdokument.

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Ein avgrensa revisjon av Meland kommune sin overordna ROS-analyse vil bli tatt med i revisjon av kommunen sin planstrategi. Det er avklart at planstrategien kjem opp til politisk behandling i formannskapsmøtet 30.08.17 og så i kommunestyremøtet 27.09.17. Arbeidet med revisjon av ROS-analyse for Meland kommune isolert sett, er i hovudsak knytta til kap. 4 – Svikt i kritisk infrastruktur, underpunkt 4.5 Transportsektoren. Vi ser for oss at dette punktet bør reviderast uavhengig av arbeidet med overordna felles ROS-analyse for Alver kommune. Rådmannen har lagt ansvar for det lokale revisjonsarbeidet til tenesteområde Plan, utbygging og kommunalteknikk , og leiar for tenesteområdet er informert om at dette arbeidet skal gjevast prioritet hausten 2017/våren 2018.

#### Avvik nr 2 – beredskapsplan

Rådmannen er i prosess med å vurdere ei alternativ organisering av KKL. Vi vil då ta utgangspunkt i 4 ulike prinsipp for organisering:

1. Ansvarsprinsippet
2. Likeskapsprinsippet
3. Nærleiksprinsippet
4. Samvirkeprinsippet

Rådmannen er som leiar i KKL og han oppnemnar 5 medlemmer som skal ivareta følgjande funksjonar:

1. Personell
2. Etterretning
3. Operasjon
4. Logistikk
5. Informasjon.

Etterpurt evakueringsplan vil bli inkorporert i beredskapsplanverket, og det er påreknleg at ein slik plan kan ferdigstillast innan gitt frist. Kommunen v/ordførar og beredskapskontakt gjennomførte elles eit møte med Skyss den 19.02.17. Tema på møte var ulikeproblemstillingar knytta til ev. stenging av bruene i kommunen og alternativ transport inn/ut av kommunen. Det vil bli tatt initiativ til eit meir utvida oppfølgingsmøte etter ferien, der kommunane Lindås og Bergen, samt Hordaland fylkeskommune, Statens vegvesen og Fylkesmannen/beredskapsavdelinga vil bli invitert til å delta.

#### Avvik nr 3 – system for opplæring og kompetansebygging

Meland kommune sin kompetanseutviklingsplan for 2018-2019, strategisk del, kjem opp til behandling i administrasjonsutvalet 30.08.17. Under punkt 7 i denne heiter det at:

*«Kommunen har gjennom tilsyn frå fylkesmannen (januar 2017) fått avvik på at kommunen manglar eit system for læring og kompetansebygging innan samfunnstryggleik og beredskap. Det må difor etablerast eit slikt heilskapleg system, der det m.a. vert utarbeidd ei kompetansematrise der roller og ansvar, med tilhøyrande kompetansekrav og faktisk kompetanse vert kartlagd. Denne kan danne grunnlaget for ein opplæringsplan. Det kan vere aktuelt med samarbeid med dei to andre kommunane i kommunestrukturprosjektet.»*

Vi håper med dette å ha svart på utfordringane i tilsynet så langt og vil rapportere vidare om utviklinga i arbeidet vårt.

Vi nyttar samtidig høvet til å ynskje dykk ein god sommar!

Med helsing

Martin W. Kulild  
Rådmann

Kari Anne Iversen  
Personal- og organisasjonssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Prosjektmandat forprosjekt beredskapsplanlegging\_26.06.17

**Kopi til:**

Lindås kommune

Felles postmottak 5914  
Kvernhusmyrane  
20

ISDALSTØ

Ordfører Øyvind H. Oddekalv  
Radøy kommune

Radøyvegen 1690 5936

MANGER

**Mottakere:**

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

KOPPI